

**Klar ordførar-appell**

**LINDÅS:** – Eg vil oppmoda alle som bur i Lindås til å engasjera seg i det politiske arbeidet, seier ordførar Astrid Aarhus Byrknes på kommunen sine nye heimesider. – Engasjement frå dei som bur her, er den beste forsikringa for at alle blir høyr og sett, seier ho.

**Held fast på vedtak**

**MELAND:** Rådmannen finn ikkje grunnlag for å ta saka om busetting av flyktningar opp til ny vurdering, slik IMDI oppmodar om. Kommunestyret har gjort vedtak om å ta imot 10 flyktningar dei neste tre åra, medan oppmodinga er om å ta imot 25 kvart år.

**Vil delta i prosessen**

**FEDJE:** Sjølv om fedjingane er skeptiske til å bli del av ein stor-kommune, ser ikkje rådmannen noko grunn til å melde seg ut av den vidare utgreiingsprosessen. Så lenge prosjektet ikkje er til byrde, er det all grunn til å delta, er Bråthen sitt råd til politikarane.

**Forliset under lupa**

**MASFJORDEN:** 3. februar var det 70 år sidan D/S Masfjord forliste ved Duesund. NRK har laga ein reportasje om tragedien, som er lagt ut på internett. Her finn ein mellom anna video-opptak der overlevande fortel om det som skjedde denne februarnatta.



**BYRJA TIDLEG:** Eirik Eknes meiner han byrja svært tidleg i faren sitt selskap. – Selskapet starta i 1965, etterkvart vart det større krav til økonomikunnskaper. Så mor mi byrja på økonomikurs medan ho var gravid med

# Friarar vil gjerne overta Ekn

**LINDÅS:** – Vi har friarar på døra, men kva skal vi byrja å gjera då? Køyra buss?

**YNGVE GAREN SVARDAL**  
yngve.svardal@nordhordland.no

Det seier Eirik Eknes, dagleg leiar av Eknes karrosseri i Hillesvåg.

Tirsdag var han ein av foredragshaldarane på Eierskiftealliansen sitt frukostmøte på Alver Hotell. Dei neste åra kjem det til å koma mange eigarskifte i små og mellomstore bedrifter, og bedriftseigarar var inviterte for å høyra erfaringar til andre som har vore gjennom det same.

## Eldrebølga råkar lokale bedrifter med kraft

### Har sett ein pris

Eknes fortalde om tida rundt då han overtok den daglege drifta frå far sin.

– Eg overtok som dagleg leiar i 2009, og etter det har vi dobla omsetjinga, seier han.

No er dei 15 tilsette og omset for 30 millionar kroner årleg.

– Vi er ei lita lokal bedrift og vi vil ikkje slå oss saman med andre. Vi har friarar på døra, men kva skal vi gjera? Byrja å køyra buss, seier han.

Men Eknes la til at dei har sett ein pris for seg sjølv. Utan at det gjorde det meir aktuelt å selja.

– Vi skal driva dette vidare i 15–

20 år til, sa han med overtyding.

### Byrja tidleg

Eirik Eknes er andre generasjon som driv. Men han er ikkje eine-eigar.

Hovudeigar er framleis far hans, som og starta bedrifta i ein garasje på Eknes i 1965. Etter kvart vart bedrifta flytta til Hillesvågen, då svigerforeldra til Eknes budde der.

– Etter kvart auka behovet for økonomisk kunnskap, så mor mi tok økonomiutdanning då ho var gravid med meg. Så ein kan seia at eg byrja tidleg i selskapet, seier han og ler.

Etter kvart vart bilane større og ein hadde behov for større lokale og i 1972–73 bygde dei sin fyrste garasje. Den er seinare bygd på fleire gonger.

– Den siste utbygginga var det eg som stod for, og den var seks gonger dyrare enn kva ein var van med, og foreldra mine var skeptiske. Men eg fekk pressa det gjennom, og det gjekk bra, seier han.

### – Sårt for meg

Sjølv eig Eirik Eknes berre 22 prosent av selskapet som eig eigedommen bedrifta held til på, saman med faren. Det selskapet

eg tilsaman 67 prosent av Eknes karrosseri. Søstera hans eig 34 prosent, som passiv eigar.

– Det har vore litt sårt. For eg føler at eg har vore den som har drege opp bedrifta. Men eg veit jo kvifor det er slik, seier han.

Skulda får den såkalla delingsmodellen. Modellen gjeld einmannsforetak, samt selskap kor aksjonærane/andelshavarane deltek aktivt i drifta og til saman eig minst to tredjedeler av selskapet. Aksje eller andel som eigast av den aktives nærstående tel med. Det er berre personinntekta som vert lagt i toppskatt/trygdeavgift. Foremålet er å unngå at



## Aktiv vinterferie for barn og unge

**AUSTRHEIM:** Ungdomsrådet og ungdomsklubben legg opp til at det skal vera mykje å gjera for den som ikkje skal reisa vekk i vinterferien. Først er det karneval for store og små i Austrheimhallen, for femte året på rad - og dermed vert det og servert jubileumskake. Heile veka, med unntak av onsdag er det open hall. Onsdag går det ski-buss til Voss, med bindande påmelding.



## Feirar grunnlova i kveld

**RADØY:** I kveld startar grunnlovsfeiringa i Radøy kommune, med festmøte i Sæbø kyrkje i regi av Sæbø ungdomslag og skriftstyret. Her vert det både hyllingskvad, musikkinnslag og historiske tilbakeblikk om grunnlova, kvinnene og ungdommane. I morgon er det kulturkveld på biblioteket med tema «Strilane og 17. mai 1814». Foredragshaldar er statsarkivar Yngve Nedrebø.



## Med fokus på kvalitet

**GULEN:** Administrasjonen legg opp til at det vert laga eit årshjul for kvalitetsarbeidet for å sikra gode prosessar for det målretta utviklingsarbeidet i skule og barnehage. Einingane sin situasjonsrapport skal vera ferdig 15. april og sei noko om det psykososiale miljøet i skulen, kva som skjuler seg bak mobbeta i elevundersøkinga og korleis ein jobbar med resultatane frå dei nasjonale prøvane.



meg. Så ein kan seia at eg byrja tidleg i bedrifta, seier han og ler. Denne veka var han og fortalte om sine erfaringar med å overta drifta av selskapet.

FOTO: Yngve Garen Svardal

# – Begynn prosessen tidleg!

– Om eigaren ikkje gjer noko når ein vert eldre, er risikoen for at bedrifta døyr med deg større.

**YNGVE GAREN SVARDAL**  
yngve.svardal@nordhordland.no

Det seier Kristian Skjølaas frå Eierskiftealliansen.

Det var dei som arrangerte frukostmøtet på Alver hotell, tirsdag.

– Noverande eigarar bør vurderer korleis ein riggar bedrifta si for framtida når ein er rundt 55 år gamle, seier han.

– For dette er langvarige prosessar, minner han om.

I heile Europa vil det i åra framover vera heile 600.000 eigarskifter årleg, på grunn av den kommande eldrebølga.

Noreg og Nordhordland slepp absolutt ikkje unna, peikar han på.

– Småbedrifter er den viktigaste enkeltfaktoren i norsk økonomi. Men eigarskifteprosane tek lang tid.

53 prosent av alle selselsette i Nordhordland jobbar i små og mellomstore bedrifter. I Lindås er det 52 prosent og i Meland 49 prosent.

Skjølaas seier at ein har ein tendens til å ven-

ta for lenge med eigarskifter og ein dyttar det framføre seg.

– I tillegg er det ein del kjensler her. Ein har mellom anna sysken - foreldreproblematikken, seier han.

Men han understrekar viktigeita av å gjera det i tide.

– Det er ein påvist samanheng mellom den årlege verdiskapninga til bedrifta og majoritetseigaren sin alder, seier han.

– Om ein ikkje gjer noko, er risikoen for at bedrifta døyr med deg større, peikar han på.

Det er likevel ikkje meir enn ein tredjedel av alle bedrifter som går gjennom generasjonsskifter. Resten vert seld.

– Veksten er ikkje så stor ved generasjonsskifte som ved sal, hevdar han.

Og for dei som vurderer å selja bedrifta si, har Eierskiftealliansen nokre råd:

- \* Du må vita kva firmaet ditt er verd
- \* Ha gode rådgjevarar
- \* Ting tek tid
- \* Salsprosessen stel fokus frå den daglege drifta.

# es karroseri

næringsdrivande slepp unna skatt ved å ta ut lite løn (og relativt meir utbytte, som vert beskatta lågare) og ved å føra sine aktivitetar inn i selskapet.

No driv dei på og gjer endringar i eigarsituasjonen.

Eknes overtok bedrifta i ei tid der far hans vart sjuk.

### Usikker på om ungene skal overta

– Han var vekke i fjorten dagar. Då hadde vi bytt heile IT-systemet og han skjønnte nada, seier han humoristisk.

– Og eg ville inn, for det var meir naturleg for meg, seier Eirik.

Han har sjølv sett korleis det har gått med andre gründerar som har døydd frå bedrifta si og dei etterlate har byrja å krangla om verdier og selskap.

Difor tek dei grep i bedrifta.

– Eg vil ha ein ryddig prosess, slik at om ting går gale med oss, så har vi ein modell, seier han.

Men no er det ein ting som står i fokus hjå Eknes karroseri.

Det er nok ei utviding som skal gje betre plass til skadeavdelinga og dermed gje dei betre kapasitet på lakkinga.

– Men vil du at ungene dine skal overta ein gong i framtida?

– Eg har tidlegare sagt at eg ville at kona og ungene skulle få seg jobbar i store, trygge bedrifter. Men no har kona jobba der i sju år og ungene er der på deltid. Men eg er litt usikker på om eg vil at ungene skal overta, sluttar han.

Sommer i Danmark  
BERGEN - STAVANGER - HIRTSHALS

# 2.259,-\*

For 4 personer, bil og lugar

# 5.000

## BILPAKKER

### FØRSTEMANN TIL MØLLA

\*Pris for overfarten Bergen – Stavanger – Hirtshals én vei for 4 personer + innvendig lugar + 1 personbil (inkl. avgifter). Begrenset antall plasser på utvalgte avganger. Må bestilles innen 20. februar 2014.

BERGEN | STAVANGER | HIRTSHALS

Bestill innen 20. februar på [fjordline.com](http://fjordline.com) eller ring 815 33 500